



# ÅRSPLAN HAUEMARKJA BARNEHAGE

2025-2026



**Små og store hand i hand,  
knyter gode  
vennskapsband.**



+

•

○

# Innhaldsliste

1. Presentasjon av barnehagen
2. Vigilo
3. Barnehagelova
4. Rammeplanen
5. Tema og mål for barnehageåret
6. Satsingar i Sande kommune
7. Samarbeidspartar
8. Overgong barnehage-skule
9. Observasjon og vurdering
10. Foreldresamarbeid
11. Klubb og grupper
12. Årskalendar småbarn
13. Årskalendar Storbarn
14. Barnehageruta 2025-2026



# 1. Presentasjon

Hauemarkja Barnehage har 4 avdelingar og er godkjent for 76 plassar.

- ❖ Murtua
- ❖ Blomsterenga
- ❖ Solsikka
- ❖ Marihøna

Murtua og Blomsterenga er storbarnsavdelingar, Marihøna og Solsikka er småbarnsavdelingar.

Barnehagen ligg sentralt til på Larsnes. Med byggefelt, Sandetun og kommunale omsorgsbustadar rett ved, er vi midt i eit levande miljø. Butikk, skipsverft, turveg, fleire gapahukar, skog, fjell, badestrand, bank, bibliotek, gymsal, skule, ferje, rådhus, legesenter og kyrkja ligg også rundt oss i kort gangavstand.

Hauemarkja barnehage vart opna i 1991, og påbygd med ei tredje avdeling i 2004. Den fjerde avdeling kom til i 2015. Det var foreldre som bygde, eigde og dreiv Hauemarkja barnehage gjennom Stiftelsen Hauemarkja barnehage. I oktober 2017 tok Sande kommune over både eigedom og drift.

Pedagogiske leiarar på avdelingane lagar planar for kvar månad, bygde på lovverk og årsplanen. Planane sei noko om innhald, mål, PALS-fokus og anna informasjon til føresette.



# Vigilo

## 2. Vigilo

---

Vigilo er det oppvekstadministrative systemet vi brukar i Sande og i dei kringliggjande kommunene.

Her sender einingsleiar og avdelingane ut diverse informasjon og «dagen i dag».

**Samtykke:**

Vi treng samtykker til ulike aktivitetar, bilete og liknande. Dette må de godkjenne i nettsida til Vigilo, ikkje appen. Samtykka er ikkje gyldig før både mor og far/dei som har foreldreansvar har logga inn og registrert samtykke.

**Fråvær:**

Om barnet ditt skal vere vekke må du registrere det i Vigilo. Du kan velje mellom fri, ferie og sjuk, og om du ikkje legg inn fråvær registrerer vi i barnehagen med «ikkje møtt». Om du veit at barnet ditt vert vekk meir enn ein dag så skal du registrere dagane fram i tid. Dette har med planlegging og bemanning å gjere, så vi kan legge opp dagane så godt vi kan for alle saman.

**Melding:**

Vi brukar Vigilo som skriftleg kommunikasjon mellom barnehage og heim. Vi har framleis avdelingstelefonar, så det er framleis høve til å ringe oss.

**Helsekort:**

Alle føresette må fylle ut helsekort til barna i Vigilo. Her må de legge inn eventuelle allergiar som barnet har.



### 3. Barnehagelova

«Barnehagen skal i samarbeid og i forståing med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfriheit, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.»

(Barnehagelova § Formål, 1.ledd)



## 4. Rammeplanen

Rammeplanen er styringsdokumentet til barnehagen og dermed eit grunnlag som vi jobbar etter. Rammeplanen set mål for kva innhald barnehagen skal ha, og stiller tydelege krav til personalet.

Omsorg er ein føresetnad for trygghet og trivsel, og for utvikling av empati, ansvar, omsorg og respekt for andre. Borna skal få den hjelpa og støtta dei treng, og personalet skal legge til rette for gode relasjonar mellom barna og personale, og mellom borna.

**Rammeplanen er også delt inn i 7 ulike fagområder:**

- ❖ Kommunikasjon, språk og tekst
- ❖ Kropp, rørsle og helse
- ❖ Kunst, kultur, kreativitet
- ❖ Natur, miljø og teknologi
- ❖ Mengde, rom og form
- ❖ Etikk, religion og filosofi
- ❖ Nærmiljø og samfunn

## 5. Tema og mål for barnehageåret 2025-2026

### **Mål**

Fremje barns språkutvikling, leikekompetanse og sosiale ferdigheiter med ASK som symbolstøtte.

### ***Delmål***


#### **Språk**

- Barna skal få erfaring med ulike typar litteratur, som bøker, eventyr, rim og regler
- Barna skal høve til å utvikle ordforråd og omgrepsforståing gjennom lek, bøker, samlingar og samtalar.
- Barna skal lære å bruke språket til å inkludere andre barn i lek og samspel.

#### **Leik**

- Barna skal få høve til å utvikle ulike typar lek utifrå sin ståstad.
- Barna skal få høve til å uttrykkje seg gjennom teikning, forming og lek inspirert av opplevingar og bøker som vert lese for dei.

#### **Vaksenrolla**

- Autoritative; varme, tilstadeverande og støttande vaksne.
  - Aktiv i lek, både for å igangsette og oppretthalde lek ute og inne
  - Bruke songleikar som metode for å fremje språk, regelforståing og turtaking.
  - Bruke ASK systematisk
- 



# 6. Satsingar i Sande kommune

Sande kommune er med på samarbeid med UDIR og Høgskulen i Volda. Heile utdanningsløpet til barna via barnehage, barne- og ungdomsskule heng saman i ein raud tråd.

## ASK


ASK er ei av to større satsingar vi jobbar med. Det handlar i stor grad om å jobbe mot eit samfunn som er universelt utforma. Ein jobbar for at alle barn skal kunne kommunisere med andre, anten det er verbalt språk eller andre måtar å uttrykkje seg på. I Rammeplan for barnehagen står det at «Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk». I arbeidet med ASK brukar ein både teikn til tale og symbol sett i eit system for kommunikasjon. ASK er særdeles viktig å bruke saman med barn som har språkutfordringar og for fleirspråklege barn.

## INKLUDERING OG MANGFALD

Inkludering og mangfald er den andre store satsinga i Sande kommune og handlar om at alle skal ha eit trygt, inkluderande og lærande miljø i barnehage og skule. Dette handlar om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barna, og gi alle reell moglegheit til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet. Vi ynskjer at alle skal vere ein del av barnehagen sitt læringsfellesskap. Det inneber at alle har ei oppleving av sosial tilhøyring, og at det pedagogiske tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov og føresetnader, slik at alle får moglegheit til menneskeleg og fagleg utvikling. I arbeidet med inkludering nyttar vi blant anna kompetansepakken om inkluderande praksis (Kompetansepakke om inkluderande praksis | [udir.no](https://www.udir.no)) og Mitchells sine ti faktorar i barnehagen (<https://www.statped.no/temaer/inkludering2/david-mitchells-ti-faktorer-i-barnehagen/>).

Fokusområda er:

- Språk, leik, kommunikasjon og leseutvikling
- Analyse og kvalitetsutvikling
- Felles forståing for inkluderande praksis
- Lærande profesjonsfelleskap ved bruk av refleksjon som metode. Alle treng å vere ein del av eit fellesskap, og sosial tilhøyring er ei viktig ramme for læring og utvikling både for små og store.



«Det å stille spørsmål ved kvifor barn leiker, er det same som å stille spørsmål ved kvifor vi lever» (Olofsson 1993).

## Leik

---



Gjennom Rekomp frå Utdanningsdirektoratet, har barnehagane i Sande satsing på «Leik og ASK», med støtte frå Høgskulen i Volda.

Rammeplanen for barnehage er tydeleg på at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Barnehagen skal legge til rette for god leik, venskap og barnas eigen kultur. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.

Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og saman med andre.

Leik og ASK bidreg til inkludering, og er med på å skape gode samspel og relasjonar uansett føresetnad.

Vi vil at barna skal leike mykje i barnehagen. Leik er viktig for barn – det er der dei bearbeider inntrykk og opplevingar, og de øver seg på vaksenlivet. Leik har mange gode eigenskapar, som språkstimulering, fantasiutvikling, sosialisering, leik trenar konsentrasjon og merksemd, turtaking m.m. Vi veit også at leiken har eigenverdi – det å leike er viktig for barna – det skaper glede her og no!

I barnehagen legg vi tilrette for leik. Dette skjer gjennom leikegrupper og aldersinndelte grupper, og å vere tilstades i kvardagen. Barn lærer mykje gjennom leik – om det å vere menneske. Barn lærer gjennom rutinar, samhandling med andre, samlingsstunder, turar i skog og mark, temaarbeid, bøker og alt anna. Barn er lærevillige, nysgjerrige, interesserte og livsglade – noko vi som er vaksne rundt dei må nytte for alt det er verdt.



## PALS

PALS står for Positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling, og er ein amerikansk tiltaksmodell som er tiltenkt skulen. Vi har tilpassa modellen til barnehage gjennom eit prosjekt med lokalt PPT og NUBU. Sosial kompetanse er viktig – det å lære seg å forhalde seg til andre menneske på ein adekvat måte er naudsynt. Sosial kompetanse er nært knytt opp mot språk – det å kunne uttrykkje kjensler, tankar og meiningar. Vi jobbar med å ha klare forventningar til personale, barna og foreldra, gje tydelege beskjedar og å forsterke positiv åtferd. Målet er å redusere uynska åtferd og auke det positive læringsmiljøet. Det aller viktigaste i PALS-arbeidet og i alt anna arbeid i barnehagen er å jobbe med relasjonane mellom alle som er i barnehagen; barn, foreldre og personale.

## BTS – Betre tverrfagleg samhandling

BTS Sande kommune skal vere ein trygg og god stad å vekse opp i. Likevel kan det oppstå utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Derfor arbeider vi etter BTS-modellen for å sikre at alle born og unge skal få den hjelpa dei treng. Kommunane er pålagde ved lov å samordne tenestetilbodet på tvers av sektorane og tenesteområda.

# 7. Samarbeidspartar

- **PPT**

Vi samarbeider med PPT i arbeidet med PALS. PPT er den mest nytta rådgjevande tenesta vi har og er oftast samarbeidspart i enkeltsaker, i gruppesaker eller i systemsaker. PPT er sentral i ulike felles kompetansehevande utviklingsarbeid, også i samarbeid med Udir og Høgskulen i Volda.

- **Helsestasjon/legesenter**

Helsestasjon/legesenteret er ein samarbeidspart i saker der barn har medisinske eller pedagogiske utfordringar, når ein treng opplæring innan medisinerer eller på andre måtar treng hjelp frå dei. Helseetaten er også ein samarbeidspart i høve førebyggjande arbeid av ulik art. Vi samarbeider også med helsestasjonen i høve overgang barnehage – skule. Helsestasjonen er ein naturleg samarbeidspart, sidan dei kjenner alle borna i Sande under skulealder.

- **Andre**

Barnevernstenesta, kommunepsykolog, NAV, BUP, Tannhelsetenesta, Sande fysio, Larsnes skule, Gursken skule, Sande bibliotek, Sandetun, Sande brann og redning, Larsnes Kyrkje, dei andre barnehagane i Sande og andre i lokalmiljøet.



## 8. Overgang barnehage-skule



Vi har ein felles kommunal plan for overgang frå barnehagen til skulen.


Vi organiserer besøk til skulane i samarbeid med rektor. Vi har sett at dette har hatt positiv effekt for borna i høve overgangen.

Vi har møter med helsestasjon, rektor og kontaktlærar for overføring av informasjon.

Vi har skule- og SFO besøk på vårparten. Foreldreskulen har to samlingar på vårparten, ei samling på hausten og ei samling på nyåret etter skulestart.

Mål og innhald i foreldreskulen

- Relasjonsbygging mellom foreldre
- Forventningsavklaring
- Ulike tema t.d. skjermbruk, fysisk aktivitet, inkludering, søvn og kosthald.



## 9. Observasjon og vurdering

I Sande kommune brukar vi ulike observasjonsmetoder; TRAS, Alle med og Mio. Observasjonane fyller vi ut langs med heile året, og alltid ekstra før foreldresamtale.

Det vert også gjort ein særskilt observasjon av førskulebarna sine omgrepskunnskapar for å tilpasse innhaldet i Raud gruppe (førskuleklubben) best mogleg.

Vi har foreldresamtalar to gongar i året, der samtalen på hausten er obligatorisk, og samtalen på våren er frivillig. Hå førskulebarna er begge samtalane obligatoriske.

Dersom vi er bekymra for eit barn si utvikling tek vi kontakt med foreldra og ber om ein samtale.

Alt arbeid vi gjer vert vurdert og evaluert. Dette gjeld både tidsavgrensa temaarbeid og systemarbeid.



## 10. Foreldresamarbeid

---

Foreldre er den viktigaste ressursen for borna, og barnehagen sin viktigaste samarbeidspart. Vi ynskjer tett og godt samarbeid og dialog, og vi har begge partar eit felles mål; gjere det beste vi kan for barnet.

Barnehagelova er tydeleg på at barnehagen må sikre barna gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.

«Vegen vert til dersom vi går han saman».

# 11. Klubb / grupper

Vi deler barna inn i grupper etter alder, og har gruppedag ein dag i veka,.

- **Raud gruppe** – også kalla Klubb  
Barn f. 2020 Dette er førskulebarna som går sitt siste år i barnehagen. Målet er å førebu barna litt til skulestart, og dei trener på ulike omgrep (t.d. preposisjonar, matematiske omgrep m.m.) Det er også eit mål å skape eit fellesskap og vikkjensle, samt gje dei opplevingar som berre dei har det siste året dei går i barnehagen Dei lærer også om dei ulike følelsane vi har, og å setje ord på dei. Dette vil ruste barna til å utvikle deira sosiale kompetanse. Vi brukar eit opplegg som heiter «Trampoline».  
**Vaksne:** Solrun, Mira og Oksana
- **Blå gruppe**  
Barn f. 2021 Blå gruppe jobbar systematisk med språkstimulering gjennom eit opplegg som heiter Språksprell. Vi har jobba med Språksprell i mange år, og ser at det har god effekt på mange måtar. Å vente på tur, rytme i orda, lytte til lydar i ord, lytte til andre m.m.  
**Vaksne:** Ragnhild, Julia, Janne og Mathea
- **Grøn gruppe**  
Barn f. 2022, av og til har vi også barn f.2023 i denne gruppa som startar tidleg på storbarn: På denne gruppa blir det jobba systematisk med språk og språkstimulering. Samlingane vil bestå av forteljingar/eventyr, rim og regler, songar og nokre språkleikar og sanseaktivitetar. Vi vil nytte oss mykje av fantasien til Snakkepakken som barna vil trekke i frå, og snakke om gjennom dei ulike tema vi har. Ein tek utgangspunkt i Snakkepakken, som er eit metodisk opplegg.  
**Vaksne:** Veronica og Merete
- **Gul gruppe**  
Barn f. 2023/24: Dette er dei yngste barna. Her vert det mykje song, rim og reglar. Målet er at dei skal oppleve gleden ved å vere saman, og ein har samlingsstund kvar gong for å stimulere språkutviklinga. Gul gruppe er delt i to , og gruppene heiter Humlene (dei eldste borna) og Sommarfuglane (dei aller yngste borna).  
**Vaksne på Humlene:** Mariela og Weronika **Vaksne på Sommarfuglane:** Bente-Lise og Greta



# 12. Årskalendar småbarn

| Månad                | Tema                                    | Mål                                                                                                                                                                                                            | Fagområde                                                                                                                                                                   | Metode                                                                                                                   |
|----------------------|-----------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| August               | Tilvenning/familien min                 | Gjere dei nye barna, og dei som allereie går i barnehagen trygge, og godt kjende med kvarandre og dei vaksne.<br><br>Bli betre kjend med barna og familien deira<br><br>Sørge for tryggleik<br>Byggerelasjonar | <ul style="list-style-type: none"> <li>Nærmiljø og samfunn</li> <li>Barnehagens formål og innhald</li> </ul>                                                                | Trygge, tilstedevarande og støttande vaksne<br>Rom og tid<br>Samlingsstund<br>Formingsaktivitetar                        |
| September            | Brannvern                               | Gjere barna trygg og kjend med brannvern<br>-Rutinar<br>-Alarmer<br>-Evakuering                                                                                                                                | <ul style="list-style-type: none"> <li>Rom, form og tid</li> <li>Nærmiljø og samfunn</li> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet</li> </ul> | Samlingsstund<br>-Bøker<br>-Konkretar<br>-Songar<br>Formingsaktivitet<br>Uteaktivitet<br>Varsla og uvarsla<br>brannøving |
| Oktober/<br>November | «Les for meg» og leik                   | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet</li> </ul>                                                        | Lesekrok<br>Ask-bøker/ peikebok                                                                                          |
| Desember             | Advent/Jul                              | Gjere barna kjend med kristen og humanistisk arv og tradisjon<br>Gjere barna kjende korleis/kvifor vi markerer jul.                                                                                            | <ul style="list-style-type: none"> <li>Etikk, religion og filosofi</li> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet</li> </ul>                   | Samlingsstund<br>-Bøker<br>-Konkretar<br>-Songar<br>Formingsaktivitetar                                                  |
| Januar               | «Les for meg» og leik                   | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og aktivitet.</li> <li>Kropp, bevegelse og helse</li> </ul>                      | Lage leikesoner med ASK i forhold til tema og bøker som interesserer barna                                               |
| Februar              | «Les for meg» og Samane sin nasjonaldag | Få kjennskap til Samisk kultur                                                                                                                                                                                 | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet</li> <li>Etikk, religion, filosofi</li> </ul>                     | Samlingsstund<br>-Bøker<br>-Konkretar<br>-Songar<br>Formingsaktivitetar                                                  |
| Mars                 | «Les for meg» Rockesokk Påske           | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar utifrå bøker vi les<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                               | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet</li> <li>Etikk, religion og filosofi</li> </ul>                  | Lesekrok<br>Ask-bøker/ peikebok                                                                                          |
| April                | Påske<br>«Les for meg»                  | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst</li> <li>Etikk, religion og filosofi</li> </ul>                                                        | Lesekrok<br>Ask-bøker/ peikebok                                                                                          |
| Mai                  | «Les for meg» og 17.Mai                 | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon språk og tekst</li> </ul>                                                                                              | Lage leikesoner med ASK i forhold til tema og bøker som interesserer barna                                               |
| Juni/Juli            | «Les for meg» og leik                   | Skape leseglede<br>Skape gode leikesituasjonar<br>Engasjerte, involverte og motiverte vaksne                                                                                                                   | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kropp, bevegelse og helse</li> <li>Kommunikasjon, språk og tekst</li> </ul>                                                          | Lage leikesoner med ASK i forhold til tema og bøker som interesserer barna                                               |

# 13. Årskalendar storbarn

| Månad            | Tema                    | Mål                                                                                                                                                                                                                                                                      | Fagområde                                                                                                                                                                                                      | Metode                                                                                                                                                                                                |
|------------------|-------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| August           | Tilvenning/familien min | Barna skal bli kjende med kvarandre og oss vaksne. Vi skal skape gode relasjonar.                                                                                                                                                                                        | <b>Formålet med og innhaldet i barnehagen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ivareta barnas behov for omsorg</li> <li>Fremje vennskap og fellesskap</li> </ul>                                         | Familien min i samling.<br>Små grupper.<br>Leik!<br>Vere trygge, støttande og tilstadeværande vaksne                                                                                                  |
| September        | Brannvern               | Skape tryggleik og kunnskap rundt brannvern.                                                                                                                                                                                                                             | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Kropp og rørsle</li> <li>Nærmiljø og samfunn</li> <li>Kunst kultur og kreativitet</li> <li>Natur, miljø og teknologi</li> </ul> | Bjørnisopplegget i samling.<br>Song og dans<br>Formingsaktivitetar                                                                                                                                    |
| Oktober/November | «Les for meg» og leik   | Auke leseglede og leselyst.<br>Auke sosial kompetanse og leikekompetanse via leik.<br>Bidra til stimulering av språkutvikling og auke ordforråd.<br>Læring innan samarbeid og relasjonar.<br>Vidareføre det vi les til leik. Ha fokus på rolleleik og konstruksjonsleik. | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Kropp og rørsle</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Nærmiljø og samfunn.</li> </ul>    | Dele i grupper. Blande raud/blå, grøn for seg. Fordjupe seg i ei lenger bok med dei eldste og fokusere på bokserie med dei grønne. Fast vaksen med ei gruppe fram til ein er ferdig med ei bok/serie. |
| Desember         | Advent/Jul              | Barna skal bli kjende med kvifor vi markerar jul.<br>Oppretthalde og lære barna norske kristne tradisjonar.                                                                                                                                                              | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Etikk, religion og samfunn</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> </ul>                                                     | Kalenderbok<br>Lese Juleevangeliet<br>Songar<br>Formingsaktivitetar<br>Lese andre julebøker                                                                                                           |
| Januar           | «Les for meg» og leik   | Auke leseglede og leselyst.<br>Auke sosial kompetanse og leikekompetanse via leik.<br>Bidra til stimulering av språkutvikling og auke ordforråd.<br>Læring innan samarbeid og relasjonar.<br>Vidareføre det vi les til leik.                                             | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Kropp og rørsle</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Nærmiljø og samfunn.</li> </ul>    | Dele i grupper. Blande raud/blå, grøn for seg. Fordjupe seg i ei lenger bok med dei eldste og fokusere på bokserie med dei grønne. Fast vaksen med ei gruppe fram til ein er ferdig med ei bok/serie. |

# Årskalendar storbarn forts.

|                  |                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|------------------|----------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Februar</b>   | «Les eventyr for meg» og Samanes nasjonaldag | Gjere barna kjent med ulike eventyr frå kulturar og tradisjonar i innland og utland.<br>Lære flyten og språket i eventyret.<br>Barna skal bli kjend med samane sin kultur og tradisjonar.                                                                               | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> </ul>                                     | Ulven og dei sju geitekillingane<br>Samiske eventyr<br>Lære om samiske tradisjonar.<br>Høyre samisk musikk.<br>Formingsaktivitetar.                                                                                                                                          |
| <b>Mars</b>      | «Les eventyr for meg»<br>Rockesokk<br>Påske  | <u>Eventyr:</u> Gjere barna kjent med ulike eventyr frå kulturar og tradisjonar i innland og utland.<br>Lære flyten og språket i eventyret.<br><u>Rockesokk:</u><br>Lære om mangfald og ulikskap/likskap.<br><u>Påske:</u><br>Barna skal lære kvifor vi markerer påske. | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Etikk, religion og samfunn</li> </ul> | <u>Eventyr:</u><br>Lese eventyr i samling<br><u>Rockesokk:</u><br>Ha fokus på det i ei veke. Samlingar og formingsaktivitet; fargelegge sokkar? Film; Karsten og Petra.<br><u>Påske:</u><br>Lese påskeforteljing, lære om kylling, høne og egg. Formingsaktivitetar, songar. |
| <b>April</b>     | Påske<br>«Les for meg»                       | <u>Påske:</u><br>Barna skal lære kvifor vi markerer påske.                                                                                                                                                                                                              | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Etikk, religion og samfunn</li> </ul> | Samlingsstund; Vi fortel påskeforteljinga tilpassa barn, om kvifor vi markerer påske.<br>Formingsaktivitetar                                                                                                                                                                 |
| <b>Mai</b>       | «Les for meg» og 8. Mai og 17.Mai            | Barna skal verte kjend med markeringa av 17.Mai og 8.Mai.<br><br>Kva skjedde, og kvifor markerer vi desse dagane?                                                                                                                                                       | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Etikk, religion og samfunn</li> </ul>                              | Felles samling (Raud og blå) om både 8.Mai og 17.Mai.<br>Grøn gruppe eiga samling<br>Synge songar<br>Formingsaktivitetar.                                                                                                                                                    |
| <b>Juni/Juli</b> | «Les for meg» og leik                        | Auke leseglede og leselyst.<br>Auke sosial kompetanse og leikekompetanse via leik.<br>Bidra til stimulering av språkutvikling og auke ordforråd.                                                                                                                        | <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunikasjon, språk og tekst.</li> <li>Kunst, kultur og kreativitet.</li> <li>Mengd, rom og form.</li> <li>Nærmiljø og samfunn.</li> </ul>       | Dele i grupper. Fordjupe seg i ei lenger bok med dei eldste og fokusere på bokserie med dei yngste. Fast vaksen med ei gruppe fram til ein er ferdig med ei bok/serie.                                                                                                       |

# 14. Barnehageruta 2025-2026

|                                                       |                               |
|-------------------------------------------------------|-------------------------------|
| <b>Plandag, barnehagen stengt</b>                     | Torsdag 23.10.25              |
| <b>Foreldresamtalar</b>                               | Oktober / November 2025       |
| <b>Foreldremøte, felles for alle bhg i Sande</b>      | Tysdag 09.09.25               |
| <b>Foreldremøte, felles for 1&amp;2-åringane</b>      | Torsdag 20.11.25              |
| <b>Adventsfrukost</b>                                 | Fredag 28.11.25 kl. 7.30-9.00 |
| <b>Adventsstund/julespel – Larsnes kyrkje</b>         | Uviss dato                    |
| <b>Siste dag før jul</b>                              | Onsdag 23.12.25               |
| <b>Plandag, barnehagen stengt</b>                     | Fredag 02.01.26               |
| <b>Fyrste dag etter nyttår</b>                        | Mandag 05.01.26               |
| <b>Foreldremøte, felles for 3&amp;4-åringane</b>      | Januar 2026                   |
| <b>Plandag, barnehagen stengt</b>                     | Mandag 16.03.26               |
| <b>Foreldreskule del 1 – overgong barnehage-skule</b> | Mandag 09.03.26               |
| <b>Påskefrukost</b>                                   | Fredag 27.03.26 kl. 7.30-9.00 |
| <b>Foreldresamtalar</b>                               | Mars/april 2026               |
| <b>Foreldreskule del 2 – overgong barnehage-skule</b> | Torsdag 16.04.26              |
| <b>Plandag, barnehagen stengt</b>                     | Fredag 15.05.26               |
| <b>Sommarfest (for Raud gruppe m/foreldre)</b>        | Fredag 05.06.26               |
| <b>Sommarfest for alle</b>                            | Torsdag 11.06.26              |
| <b>Plandag, barnehagen stengt</b>                     | Fredag 26.06.26               |
| <b>Siste dag før ferien</b>                           | Fredag 10.07.26               |
| <b>Fyrste dag nytt barnehageår</b>                    | Måndag 10.08.26               |